



MØTEBOK

Møte: 4-2017
Møtedato: Onsdag 30.08.2017
Møtestad: Rådhuset, Viefluno
Tid: 18.00

Desse møtte:

Odd Kåre Sakseid, Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Olava Gilje Nord (vara for Sammy Olsen), Odd Ingvar Nilssen (vara for Trygve Totland), Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger, Solfrid Lønning, Elisabeth Bjørnevik og Trygve Leigland.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2017-04-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 3 – 2016 vart godkjent.

Kommentar: Mangla oppmøte på medlem i referatet.

2017-04-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Årskontroll i Bømlo kyrkje førte til avdekking av mange avvik. Var nemnd at dette tidlegare har gått på dugnad, noko som ikkje har blitt følgt opp.
2. Straumforbruk i Bremnes kyrkje. Spart mykje på å slå av varmpumpene, men dette bør kanskje ikkje gjerast. Bør stå på ein lunk. Apply ser på mogelegheiter for oppvarming i prestesakristiet og dåpssakristiet. Omnar som ikkje er med i systemtet her.
3. Mange tilbakemeldingar på dårleg drenering på Bremnes. Høyre med Bømlo Bygdeservice om pris for å laga nokre bakkeveiter.
4. Skriv frå Roald Drønen om stabstur til Spania. Greitt så lenge det skjer innanfor budsjettammer.
5. Økonomiske rammer for framtida. Signal frå rådmannen om at framtidige ynskjer er realistiske i forhold til mogelege bevilgningar.
6. Held kontakt med Foldrøy vel om utbetring. Få utformelt tilbod frå Bømlo Bygdeservice. Vannpost til porten. Ikkje sidevegar då dette kan komma til å gå på bekostning av gravplassar. Best med asfalt og ikkje grus.

2017-04-03 KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2017

Vart gjeven ei kort forklaring av nokre nøkkeltal i rapporten. Mest merkbart er det store avviket ein har hatt i innkomne festeavgifter. Her har vorte budsjettet alt for lågt.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapport for 2. kvartal 2017 til vitande.

2017-04-04 BEVARINGSPLAN FOR KYRKJEGARDANE PÅ BØMLO

Når ein no i haust skal setje igong med rullering av «Plan for gravareal» bør ein samstundes få utarbeid ein plan for bevaring av gamle gravminner. Med ein bevaringsplan vil ein klart og tydeleg får fram kva graver ein skal ta vare på og kva graver som kan fjernast.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd vedtek at det samstundes med «Plan for gravareal i Bømlo kommune» vert framstilt ein «Bevaringsplan for kyrkjegardane på Bømlo».

2017-04-05 FULLMARKT I TILDELING AV TILBOD KNYTT TIL «UTBETRING AV FASILITETANE VED LYKLING KYRKJEGARD»

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd gir forman og kyrkjeverje fullmakt i tildeling av tilbod i tilknytning anbod på prosjekt «Utbetring av fasilitetane ved Lykling kyrkjegard».

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje